KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 281/96

av 14. februar 1996

om endring av vedlegg I og III til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)

(Tekst som er relevant for EØS)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse([1]), sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2804/95([2]), særleg artikkel 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.

Maksimumsgrenser for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle viktige opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.

Når det skal fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).

Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Felleskapet på dette området, bør maksimumsgrensene for restmengder vanlegvis fastsetjast for målvev i levra eller nyrene. Levra og nyrene vert ofte fjerna frå dyreskrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdiar for muskel- eller feittvev.

Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdiar for egg, mjølk eller honning.

Tetrasyklin, oksytetrasyklin, klortetrasyklin og alle stoff i sulfonamidgruppa bør førast opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.

For å gjere det mogleg å fullføre vitskaplege granskingar bør det tidsrommet som dei mellombels maksimumsgrensene fastsette i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 er gyldige for, lengjast for trimetoprim.

Det bør fastsetjast ein frist på 60 dagar før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av rådsdirektiv 81/851/EØF([3]), sist endra ved direktiv 93/40/EØF([4]).

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 37 av 15.2.1996, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 31/97 av 12. juni 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

([1]) TEF nr. L 224 av 18.8.1990, s. 1.

([2]) TEF nr. L 291 av 6.12.1995, s. 8.

([3]) TEF nr. L 317 av 6.11.1981, s. 1.

([4]) TEF nr. L 214 av 24.8.1993, s. 31.

NORSK utgave

Artikkel 1

Vedlegg I og III til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 60. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 14. februar 1996.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

A. I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

Under overskrifta «1. Anti-infektiva» skal ny rubrikk under nr. 1.1.1 og nytt nr. 1.2.6.1-1.2.6.3 lyde:

1.1. Kjemoterapeutika
1.1.1. Sulfonamider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Alle stoffer som tilhører sulfonamidgruppen	Opprinnelig stoff	Storfe Sau Geit	100 µg/kg	Melk	Samlet restmengde av alle stoffer i sulfonamidgruppen må ikke overstige 100 µg/kg»

1.2. Antibiotika
1.2.6. Tetrasykliner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«1.2.6.1. Tetrasyklin	Summen av det opprinnelige stoffet og dets 4-epimer	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	600 µg/kg 300 µg/kg 100 µg/kg 100 µg/kg 200 µg/kg	Nyrer Lever Muskler Melk Egg	
1.2.6.2. Oksytetrasyklin	Summen av det opprinnelige stoffet og dets 4-epimer	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	600 µg/kg 300 µg/kg 100 µg/kg 100 µg/kg 200 µg/kg	Nyrer Lever Muskler Melk Egg	
1.2.6.3. Klortetrasyklin	Summen av det opprinnelige stoffet og dets 4-epimer	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	600 µg/kg 300 µg/kg 100 µg/kg 100 µg/kg 200 µg/kg	Nyrer Lever Muskler Melk Egg»	

B. I vedlegg III vert det gjort følgjande endring:

Under overskrifta «1. Anti-infektiva» skal nr. 1.1.2.1 lyde:

1.1. Kjemoterapeutika
1.1.2. Derivater av diaminopyrimidin

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«1.1.2.1. Trimetoprim	Trimetoprim	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	50 µg/kg	Muskler, lever, nyrer, fett, melk	Midlertidige MRL utløper 1. januar 1998»